

## 18 konfirmerte i Uskedalen

22.05.2011



Dei 18 konfirmantane sammen med soknepresten og kyrkjelydsekretæren

**I ei fullsett kyrkje med 265 til stades vart 18 konfirmerte i kyrkja i føremiddag og det var sokneprest Kristian Due og kyrkjelydsekretær Oddbjørg Heimark som hadde gudstenesta. Dette er konfirmantane:**



Det var prosesjon inn i kyrkja

Karoline Isdal Amundsen, Jostein Bauge, Kari Bråtun, Henrik Dahle, Stian Sebastian Enæs Fjeldsbø, Bjørn-Martin Haugland, Øystein Haugland, Stian Storevik Myklebust, Birte Nybakk, Mats Raudstein, Silje Elise Dencker Rikstad, Katrine Yri Røssland, Marit-Inga Traavik Sture, Johannes Taranger Anne Marthe Guddal Zimmer, Marte Dagestad, Hans Fredrik Guddal Zimmer og Jonathan Moland Naterstad (den siste frå Rosendal)

Presten kom med sterk ros til konfirmantane for deira kreativitet og evne til å tenkja i nye baner.

- Eg er imponert over kva dykk får til og forstår. Soleis er dykk eit spegelbilete av Gud sin skaparkraft, sa presten.

Kyrkjelydsekretæren opplyste på si side at ho aldri før hadde hatt så lite undervisning for eit konfirmantkull. Grunnen til det har ikkje noko med løyvingar å gjera, men er ei organisatorisk sak. Neste år blir det langt meir undervisning, fortel ho til uskedalen.no.

Konfirmasjonen gjekk føre seg under noko spesielle vertilhøve - 18 plussgrader og stiv kuling. Det bles slik at deler av fotograferinga etterpå måtte gå føre seg inne i kyrkja.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Konfirmasjon i kyrkja med sokneprest Kristian Due på preikestolen